Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Granvin

Emne: Joletre og jolehalm Bygdelag:

Oppskr. av: Knut L. Dale Gard: Dale

(adresse): Granvin G.nr. 98 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Joletre er vanlegt i alle heimar her i bygda.

2 Fraa det fyrste eg kann hugse, ikring 60 aar sidan har det alltid våre i bruk i heimen hjaa oss, og fyre den tid og etter som eg har høyrt. Mor fortalde at ikring 1860 var det joletre i bruk hjaa folk paa Eide i Granvin

3 Det har eg ikkje høyrt om. Paalag eit halvt hundrad-aar har det vore i bruk paa skulefestar i jola (barnefest.).

4 Har sett det har vore brukt ein gran eller furukvist; men det vanlege eit tre.

5 Det har eg ikkje sett eller høyrt om.

6 Fraa 1 m. til 1.50 m - og stundom noko høgare

7 Det fyrste eg hugsar, var treet pynta med epler, ymse slag kaker, tilklypte rosar av farga papir og kokulunar (kongler) av gran og furu, som var farga med lite grand måling, og saa batt ein eit lite ljos paa toppen.

8 Det vanlege er at husmora pyntar treet.

9 Eit stårre tre vert sett paa golvet.

9009

9+ Mindre tre paa eit bord eller stol.

10 Vanlegaste er og kvitkja ljosa jolekvelden.

11 Trur knapt det er mykje brukt og ganga rundt joletreet her i bygda. Vart meir i bruk for ein mannsalder sidan.

12 Til 13 dag jol.

13 Her i bygda seier ein helst og „kle av joletreet".

14 Etter at det vart planta gran paa omlag alle bruk, er det det treslaget som er mest brukt. Men for i kring 60 aar sidan var det furu og stundom brake (einar).

15 Ukjent.

16 Jolabanda er til vanleg hengt paa ein skalpe utafor stoveglaset. Har ikkje høyrt om, at ein sette opp noko serskilt tre utafor husa til og hava jolabanda paa.

Halm.

1 Bestemor mi fødd 1821 hugsar og fortalde, at i hennar ungdom hadde Froset folk, som hadde halm paa golvet joleaftan. Men det har knapt vore brukt her i bygda dei siste hundrad år.

Derimot var det saalenge ein hadde halm til bol i sengjane vanlegt og skifta halm i dei til jol. Mor brukte mest altid og legja ny halm i sengjane vesle-jolaftan.

Det spørst om ikkje det kann vera noko av den gamle skikken som gjeng att der?

9009